

## Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv    | ArkivsakID |
|---------------|----------|------------|
| Sveinung Toft | FA - T11 | 15/411     |

| Saknr    | Utval         | Type | Dato       |
|----------|---------------|------|------------|
| 090/2015 | Formannskapet | PS   | 02.09.2015 |
| 065/2015 | Kommunestyret | PS   | 10.09.2015 |

### Fråsegn til 132 kV kraftleidning Dalsbotnfjellet vindkraftverk - Frøyset transformatorstasjon

#### Vedlegg:

Høyring av konsesjonssøknad - 132kV kraftleidning Dalsbotnfjellet - Frøyset  
1399341

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Masfjorden kommune rår i frå at det vert gjeve konsesjon for omsøkt 132 kV linje mellom Dalsbotnfjellet til Frøyset transformatorstasjon.**

**Vidare rår ein til at NVE ber søkjar om å vurdera alternative trasear som kan redusere dei negative konsekvensane ei ny høgspentlinje vil få. Ny konsekvensutgreiing må lagast, der fleire ulike traseear vert drøfta og nye faglege utgreiinger knytt til konsekvensar for mellom anna ornitologi, kulturmiljø, skogbruk, friluftsliv, vilt og landskap vert lagt ved. Utgreiinga må visa ei samla oversikt over dei ulike konsekvensane ulike linjealternativ vil ha.**

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn og fakta:

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har i brev av 30.04.2015 sendt ut konsesjonssøknad frå selskapet Zephyr AS på høyring. Søknaden gjeld løyve til å byggja ein 132 kV-kraftleidning frå eit planlagd vindkraftverk på Dalsbotnfjellet i Gulen kommune til Frøyset transformatorstasjon i Masfjorden kommune. I e-post av 27.05.15 vart høyringsfristen forlenga til 10. september for kommunen. Det var eige informasjonsmøte i Gulen den 10. juni 2015 i regi av NVE.

Zephyr fekk den 30. september 2013 konsesjon frå NVE til å byggja vindkraftverk på Dalsbotnfjellet. Samstundes fekk Statkraft Agder Energi Wind DA (SAE Wind) konsesjon til Brosvika vindkraftverk. Desse to selskapa skulle samarbeida om sjølve nettløysinga, men i 2014 trakk SAE Wind sitt prosjekt, og Zephyr har difor søkt om eiga ny nettløysing for sitt vindkraftprosjekt. Samstundes er vindkraftkonsesjonen til Zephyr påklaga, og denne er no under handsaming i Olje og energidepartementet. I denne søknaden vert det vist til tidlegare utgreiingsprogram frå 2011 knytt til vindkraftprosjektet, og om dei to alternative linjetraseane


## 2a og 2b.

Omsøkt kraftleidning er på 19 km og går frå Dalsbotnfjellet over Austgulfjorden (fjordspenn på 1,4 km) og vidare til Kjellbjø, vidare til og gjennom Myrdalen og til Frøyset trafostasjon ved Tangedalsvatnet. Først når den planlagde 300 kV ledningen frå Modalen til Mongstad – Kollsnes er bygd kan denne trafostasjonen ta i mot straumen frå det planlagde vindkraftverket (årleg gjennomsnitt produksjon på 391 GWh). Høgspentleidningen er stipulert til å kosta ca 56 millionar, i tillegg kjem kostnader med ny trafostasjon ved vindkraftverket på ca 29 millionar. Totalt vil nettokostnaden vera ca 93 millionar inkludert prosjektering m.v.



Ovanfor er omsøktlinje vist med raud strek frå Dalsbotnfjellet til Frøyset trafostasjon.

Eit areal på ca 428 dekar vil verta bandlagt innanfor eit ryddebelte på 29 meter langs kraftlinja. Det er berre vurdert ein trase for den planlagde nye 132 KV-linja. Nedunder er mastetypen vist (høgde varierer frå 12 – 18 meter) og med viste belter med byggjeforbod og rett til skoghogst.



Leidningseigar må sikra seg varige rettar knytt til dette beltet, samt rett til å plassera master og transportera materiell og personell langs linja, og rett til å nyta eksisterande private vegar m.v. Etablering og eingangsvederlag for desse rettane vert bestemt gjennom ekspropriasjonsskjøn eller vanleg avtaleskjøn med kvar grunneigar langs traseen.

I konsekvensutgreiinga er konsekvensane for naturmiljø, landskap, nærmiljø og friluftsliv sett til *liten negativ*, og jord- og skogbruk til *liten – middels negativ*.

I samband med høyringa har mellom anna Norsk Ornitoligisk Foreining i Hordaland og Sogn og Fjordane kome med ei fråsegn. Dei meiner at undersøkingsmetodikken knytt til fuglelivet er kritikkverdig, både med omsyn på kvantitet og metodeskildring. Vidare meiner dei at området langs traseen har eit stort artsmangfald, og at det vert kollisjonsfare for svaner, gjess, hønsefuglar, lommar, ørn, andre rovfuglar og ugler. Dei ber om at det vert gjort ytterlegare ornitologiske undersøkingar som sikrar at naturmangfaldslova sitt krav til kunnskapsgrunnlag vert oppfylt før avgjerd vert fatta.

### Vurdering

Rådmannen vil vise til at prosessen knytt til grunneigarane langs trase 2b var mangelfull i starten, og at dette har vore uheldig for dei drøftingane som har pågått i saka. Dette medførte at NVE ga forlenga frist for grunneigarane frå 29.06 til 29.07.2015.

Vidare meiner rådmannen at dei faglege utgreiingane knytt til konsekvensutgreiinga er mangelfull, både med omsyn på kartlegging av fuglelivet, kartlegging av kulturminne/kulturmiljø og av ulike bruksinteresser langs traseen. Konsekvensutgreiinga manglar drøftingar knytt til ulike traseval, slik at det er vanskeleg å vite om andre trasear kan vera meir eigna enn den omsøkte, særleg med omsyn på konsekvensar for grunneigarar og viktige felles interesser knytt til miljø, biologisk mangfald, friluftsliv med vidare. Det er etter rådmannen sitt syn naudsynt at NVE krev fleire faglege utgreiingar, og drøftar grundig kva fagleg nivå som skal leggjast til grunn for desse utgreiingane.

Når det gjeld sjølve traseen slik den er lagt i Masfjorden kommune gjennom Myrdalen og langs Bastielvela og vidare til trafostasjonen ved Tangedalsvatnet, vil ein peike på at dette området inneholdt eit samanhengande skogsområde, med mykje barskog og areal med høg og særhøg bonitet. Dette området har etter administrasjonen **stor verdi** for skogbruket siden det alt er etablert skogsveg inn i sentrale deler av dalen. Ei høgspentlinje midt gjennom dette området vil medføra uheldige konsekvensar med omsyn på barriereeffektar i form av opne hogsgater, med auka fare for vindfall på begge sider av skogsryddebeltet på 29 meter. I tillegg vil linja gje ulemper knytt til tømmerhogst og vedhogst, mellom anna fordi drift med vinsjing og taubanedrifter vil kunna verta vanskeleggjort. Nye driftsvegar, etablering av nye velteplassar kan og verta vanskeleggjort, samt effektiv drift med hogstmaskin i deler av

området. Rådmannen meiner at omfanget høgspentlinja vil ha for skogbruket er **stor negativt**, og ikkje middels negativt slik konsekvensutgreiinga konkluderer.

Det betyr at konsekvensen for skogbruket vert **stor negativ konsekvens** om høgspentlinja vert lagt til Myrdalen og ned langs Bastielva.

Rådmannen har vurdert nærmare brevet frå ornitologisk hald, og meiner at kravet om betre kunnskapsgrunnlag, jf. naturmangsfalslova må legga stor vekt på, og at mykje tyder på at undersøkingane som er gjort i samband med konsesjonsutgreiinga er mangefull. Det betyr at konsekvensane for fuglelivet ikkje er belyst skikkeleg, jf. utgriingskrava gjeve i § 2-1 i energilova.

Dalføret ved Bastielva er svært rik på hjort, og området fungerer som heilårsbeite for denne arten. Etter rådmannen si vurdering har ikkje konsekvensutgreiinga fanga opp dette skikkeleg, jf. tabell 4.2. på side 33, der verdien er sett til låg for andre dyrearter.

Rådmannen meiner at kommunestyret bør gå i mot at det vert gjeve konsesjon for omsøkt høgspentlinje frå Dalsbotnfjellet til Frøyset trafostasjon, og at ein må kreva nye utgreiingar knytt til alternative trasear som går utanom Myrdalen.

## Konklusjon

Masfjorden kommune bør rá i frå at det vert gjeve konsesjon for omsøkt 132 KV linje mellom Dalsbotnfjellet til Frøyset transformatorstasjon.

Vidare rår ein til at NVE må be søkjær om å vurdera alternative trasear som kan redusere dei negative konsekvensane ei ny høgspentlinje vil få. Ny konsekvensutgreiing må lagast, der fleire ulike trasear vert drøfta og nye faglege utgreiingar knytt til konsekvensar for mellom anna ornitologi, kulturmiljø, skogbruk, friluftsliv, vilt og landskap vert lagt ved.

## Formannskapet - 090/2015

### **FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

### **Røysting:**

Framlegg til vedtak frå rådmannen vert samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - vedtak:**

**Masfjorden kommune rår i frå at det vert gjeve konsesjon for omsøkt 132 kV linje mellom Dalsbotnfjellet til Frøyset transformatorstasjon.**

**Vidare rår ein til at NVE ber søkjar om å vurdera alternative trasear som kan redusere dei negative konsekvensane ei ny høgspentlinje vil få. Ny konsekvensutgreiing må lagast, der fleire ulike traseear vert drøfta og nye faglege utgreiingar knytt til konsekvensar for mellom anna ornitologi, kulturmiljø, skogbruk, friluftsliv, vilt og landskap vert lagt ved. Utgreiinga må visa ei samla oversikt over dei ulike konsekvensane ulike linjealternativ vil ha.**

### **Kommunestyret - 065/2015**

#### **KS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland gjekk kort gjennom saka.

Tove Kristin Sleire Tistel ville ha vurdert sin habilitet, og ordførar slo fast at representanten er habil.

Saka vart drøfta.

Endringsframlegg frå V,  
Forslag til vedtak på SAK 065/2015 -Fråsegn til 132kV kraftleidning Dalsbotnfjellet  
Venstre foreslår med dette følgjande: Det vert innarbeidd ein tilleggssetning i rådmann sitt framlegg til vedtak som lyder(forlaget i kursiv skrift)

*Masfjorden kommune rår i frå at det vert gjeve konsesjon for omsøkt 132 kV linje mellom Dalsbotnfjellet til Frøyset transformatorstasjon.*

*Vidare rår ein til at NVE ber søkjar om å vurdera alternative trasear som kan redusere dei negative konsekvensane ei ny høgspentlinje vil få. Ny konsekvensutgreiing må lagast, der fleire ulike traseear vert drøfta og nye faglege utgreiingar knytt til konsekvensar for mellom anna ornitologi, kulturmiljø, skogbruk, friluftsliv, vilt og landskap vert lagt ved. Utgreiinga må visa ei samla oversikt over dei ulike konsekvensane ulike linjealternativ vil ha.  
Den samla belastninga ei kraftlinje igjennom Myrdalen ved Sleire til Frøyset vil ha, i tillegg til den allereie planlagde 440 kv linja via Sleire- må takast hensyn til.*

#### **Røysting:**

Endringsframlegget frå V fekk full tilslutning, og samråystes vedteke.

#### **KS - vedtak:**

Masfjorden kommune rår i frå at det vert gjeve konsesjon for omsøkt 132 kV linje mellom Dalsbotnfjellet til Frøyset transformatorstasjon. Vidare rår ein til at NVE ber søkjar om å vurdera alternative trasear som kan redusere dei negative konsekvensane ei ny høgspentlinje vil få. Ny konsekvensutgreiing må lagast, der fleire ulike trasear vert drøfta og nye faglege utgreiingar knytt til konsekvensar for mellom anna ornitologi, kulturmiljø, skogbruk, friluftsliv, vilt og landskap vert lagt ved. Utgreiinga må visa ei samla oversikt over

dei ulike konsekvensane ulike linjealternativ vil ha. Den samla lastninga ei kraftlinje igjennom Myrdalen ved Sleire til Frøyset vil ha, i tillegg til den allereie planlagde 440 kv linja via Sleire- må takast hensyn til.